



Å vera notbøtar er eit handverk. Alle vil få fire vekers opplæring i faget.

**Det er svært god søknad til ledige stillingar på Selstad si etablering på Eidsvik. Alt no, ei veke før søknadsfristen er ute, har heile 30 personar søkt. Å vera notbøtar er for mange eit ukjent fag. Difor har det vore mange telefonar med spørsmål om kva arbeidet går ut på. Petter Oksholen i Selstad er godt nøgd med interessa og verksemda ser fram til å bli kjend med Uskedalen og bygdesamfunnet her.**

Selstad er ein internasjonal leverandør av utstyr og kompetanse til det maritime markedet. Hovudkontoret ligg i Måløy, men produksjonen er lagt til 11 lokasjonar, alt frå Tromsø i nord til Solund i sør. Ein ny avdeling plassert i Uskedalen vil passa fint i høve til all den oppdrettsnæringa som er i område.



Begge hallane på Eidsvik (t.v.) inngår i leigeavtalen med Selstad. Oppstart: 1. august. Bilete er frå sjøsetjinga som var i denne veka. Å vera notbøtar er eit handverk. Arbeidet vert gjort for hand og kontrollen vert utført manuelt. Framføringa av tunge nøter vert gjort med kran og tromlar. Selstad sitt konsept overfor oppdrettsnæringa er å sikra og hindra lakserøming.

Selstad har leigeavtale med Eidsvik frå 1. august om bruk av begge hallane. Den eldste hallen vert litt ombygd. Ein skal inn med produksjonsutstyr, store vaskemaskinar og reinseutstyr. Etter opplæring på om lag fire veker er produksjonen klar for oppstart kring 1. september.

Oksholen fortel til Uskedalen.no at rekrutteringa til dei ledige jobbane stort sett er lokal, men jobbane i Uskedalen kan gjerne føra til tilflytting. Verksemda set krav til at alle tilsette skal vera norsktalande. Dette vert gjort for å sikra kommunikasjonen, også i høve til kundar og brukarane. Verksemda har ikkje noko imot arbeidskraft frå andre land, men ein skal kunna snakka og forstå norsk.

Tekst/foto/nett: Kristian Bringedal